



## Statens vegvesen

Radøy kommune  
Radøyvegen 1690  
5936 MANGER

Behandlande eining:  
Region vest

Sakshandsamar/telefon:  
Tone Bøyum / 55516792

Vår referanse:  
19/47422-7

Dykkar referanse:  
19/661 – 19/6721

Vår dato:  
20.05.2019

### Uttale – Dispensasjon – Fv. 409 – Gnr. 21 bnr. 10 Sylta indre – Radøy kommune

Statens vegvesen syner til brev mottatt 25.04.2019. Radøy kommune ber om uttale til søknad om dispensasjon frå arealføremål jf. arealdelen av kommuneplan for Radøy. Frist for uttale er 22.05.2019.

#### Kva saka gjeld:

Det er søkt om deling av grunneigedom for oppføring av bustad på gnr. 21 bnr. 10. Arealet er avsett til *landbruk,- natur- og friluftsføremål (LNF)* jf. arealdelen av kommuneplan for Radøy. Tiltaket treng difor dispensasjon frå godkjent plan.

#### Saksgong:

Før søknaden vert handsama etter veglova må tiltaket vere avklart etter plan og bygningslova og anna relevant lovverk som kommunen forvaltar. Statens vegvesen har rett til å uttale seg i saker som vedkjem vårt saksområde, jf. pbl. §19-2. Vi har og klagerett i slike saker.

#### Uttale til søknad etter plan og bygningslova:

Eigedomen ligg langs fv. 409. Vegen er smal på gjeldande strekning og har ikkje tilbod til gåande og syklande. Fartsgrensa på staden er 50 km/t og årsdøgertrafikk (ÅDT) er 400. Strekinga er klassifisert til *Haldningsklasse 4* jf. *Rammeplan (2017-2020)*.

#### Vurdering:

Statens vegvesen skal ved si vurdering leggje vekt på omsynet til trafikken på og langs vegen. Det må gjerast ei totalvurdering, der det utover tilhøva på staden også må takast omsyn til framkomst og trafikktryggleik på den vegen det er søkt om avkøyrslø frå. Ny busetnad må vurderast slik at ein får ein teneleg lokalisering og plassering.

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Postboks 43  
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00  
firmapost-vest@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Nygårdsgaten 112  
5008 BERGEN

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Regnskap  
Postboks 702  
9815 Vadsø

I *Rammeplanen* er vegstrekninga klassifisert til *Haldningsklasse 4*. Det vil mellom anna seie at dette er ein lokalveg og at godkjenning av ny avkøyrsløys normalt kan bli gjeve under føresetnad at dei tekniske krava vi stiller til utforming av avkøyrsla vert stetta, og at bruken ikkje er i strid med gjeldande planar. Det er i dette tilfelle også søkt om å flytte ei avkøyrsløys, slik at antal avkøyrsløys på strekninga vert det same.

Vi vurderer at krav til teknisk utforming som sikt og helling kan stettast i dette tilfelle.

**Sluttord:**

Etter ei konkret vurdering av tilhøva på staden meiner vi det kan påreknast avkøyrsløys etter veglova dersom våre tekniske krav til utforming vert tilfredsstillt. Eit slikt løys vil i så fall innehalde særleg vilkår knytt til opparbeiding av avkøyrsløys og stenging av eksisterande.

Dersom Radøy kommune vel å gje dispensasjon frå arealbruken i dette tilfellet, vil vi behandle søknaden vidare etter føresegnene i veglova. Det må då sendast inn ny søknad som er i samsvar med kommunen sitt vedtak. Vi minner også på at det er eit krav i plan- og bygningslova § 27-4 at avkøyrsløys frå offentleg veg må vere godkjent av vedkomande vegstyresmakt før frådelling av eigedom som skal byggjast på.

Plan og forvaltning, Bergen

Med helsing

Kari Elster Moen  
faggruppekoordinator

Tone Bøyum  
senioringeniør

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*